



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1904 - 17/16184

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

15.08.2017

Høyringsbrev - GBNR 38/23 - Søknad om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluftsområde i arealdelen til kommuneplanen og frå byggjeforbodet i strandsona - Refskar

Saka gjeld:

Ved søknad journalført motteke 4.8.2017 har Himo AS, på vegne av Tone Helene Anderson og Per Harald Storli, søkt om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen og byggjeforbodet i strandsona for oppføring av murar 0 meter frå sjøen på gbnr. 38/23.

Tiltaket er skildra i teikningar og på situasjonskart vedlagt søknaden.

Planstatus:

Meland kommunestyre vedtok 17.6.2015 ny kommuneplan (KPA) med rettsleg bindande arealplankart og føresegner. Den omsøkte eigedomen er satt av til landbruk, natur- og friluftsmål (LNF) i KPA og ligg i sin heilheit innanfor byggjeforbodet i strandsona.

Oppføring av mur som omsøkt er ikkje i samsvar med arealformålet LNF og byggjeforbodet i strandsona, og tiltaket krev difor dispensasjon frå KPA. Meland kommune forstår søknaden slik at den også omfattar søknad om planering og fylling av terrenget mellom dei to omsøkte murane.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå ansvarleg søkjar søkt om dispensasjon, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Nabovarsling:

Naboane er varsla. Kommunen har ikkje motteke merknadar frå naboane.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dispensasjon:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak reglane det vert søkt om dispensasjon frå og frå plan- og bygningslova (pbl) § 1-1.

Dispensasjon kan ikkje gis dersom omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna til lova sine formål, blir vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon skal det leggjast vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gi løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl § 21-5 tredje ledd.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Meland natursteinsmur snitt, profiler
Situasjonskart med natursteinsmur
Søknad om dispensasjon - strandsone

Kopi til:

Himo AS

Jordmorsvingen 4 5200

OS

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

5020
5020

BERGEN
BERGEN